

Joik - samisk folkemusikk

Joik er den mest kjende samiske musikken.

Joik er annleis enn song. Det er ei blanding av å syngje og bruke stemma som eit instrument.

Når ein joikar, joikar ein ikkje om noko.

Ein joikar noko.

Vi kan seie at under joiken blir ein den ein joikar.

I joiken prøver ein å vise korleis den ein joikar er.

Ein kan joike ein person, eit dyr eller ein stad. Nesten alt kan ha ein eigen joik.

Nokre joikar kan ha korte tekstar. Andre joikar er utan tekst. Ord er ikkje naudsynt.

I dei siste åra har joiken vorte ein stadig viktigare del av den samiske kulturen.

Mari Boine er ein kjend samisk artist.

Ho har vorte kjend over heile verda for joiken sin.



Mari Boine.

Foto: Henryk Kotowski, CC BY-SA 3.0

Spørsmål til teksten:

1. Kva er joik?

2. Kva prøver ein å vise i joiken?

3. Kva kan ein joike?

4. Gje minst eit døme på ein artist som er kjend for joiken sin.
